

Haustar 300 dekar på to dagar og legg i plansilo.

13.06.2020



Runar Myklebust brukar hjullessar til fordeling og pressing av graset.

Runar Myklebust haustar 300 dekar på to dagar og legg graset i ny plansilo med to kammer. I godt vær går arbeidet unna med fleire traktorar og slåtteutstyr. Då Uskedalen.no var på Myklebust i dag, var alle mann i arbeid,- tre brør, mor og far og med hjelp av vener. Plansilo er det nye og Runar er den fyrste i Uskedalen som har investert og bygd silo med to kammer.

Far til Runar, Tormod Myklebust, fortel at på ei reise i USA for nokre år sidan, såg han mange plansiloar i bruk. Ulike typar gras vart lagt inn kvar sine kammer. No finn vi plansiloar både i Rosendal, Omvikdalen og i Uskedalen.

Bakgrunnen for denne satsinga er mellom anna miljøkravet om mindre ureining og redusert bruk av plast. Her vert graset hausta og lagt direkte i to kammer. Kvar kammer er 25 meter langt og har ei breidde på 7,5 meter. Runar Myklebust brukar hjullessar til fordeling og pressing. Store grasmengder vert pressa saman før ein pakkar alt inn med tunnelduk. Det må ikkje koma oksygen til.



Avlessarvogner vert brukte til transport og utlegging av graset.

Transporten frå haustinga på Rød i går gjekk med fleire traktorar med avlessarvogner og traktorhengarar. I dag går haustinga for fullt heime på Myklebust. Ein reknar med å vera ferdig med all slåttan innan utgangen av dagen.

Veggene i plansiloen er sett saman av betongklossar stabla i høgda på ei betongplate, om lag som om du byggjer med lego. Bygginga er enkel og effektiv.

I den nye og gjeldande Landbruksplanen for Kvinnherad 2020 - 2025 les vi at grasproduksjon er den mest vesentlege produksjonen innan landbruket. Graset vert foredla gjennom storfe, geit og sau til kjøt og mjølk.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal